


Fra: "Lisbeth Langbakk" <lislan@bystol.no>
Sendt: torsdag 30. november 2023 11.34.40
Til: "Eilif Magnus Brodtkorb" <emb@nve.no>
Kopi: "Jens Melheim" <jenmel@bystol.no>; "Andreas Brunner" <andreas@cadre.no>
Emne: SV: Flateland

Hei Eilif

Med effektkøyring meiner vi at effekten vert auka i periodar på døgnet med høgare prisar og redusert i periodar me låge prisar. Når vannstanden er låg og tilsiget er lite, må ein vere varsam med effektkøyringa, dvs regulere effekten lite opp. Ved flomvassføring vil kraftverket å gå på maksimalt for å hindre flomtap.

Figuren under viser situasjonen i trefasar i løpet av 500 timar frå slutten av mars til ca 15. april i 2009 med ny minste slukeevne med effektkøyring og eksisterande minste slukeevne

1. I første fase er tilsiget lite og vasstanden i Kjetevatn er på veg ned. Med ny minste slukeevne vil kraftverket gå heile tida, med litt meir pådrag på dagtid enn på natt. Med eksisterande minsre slukeevne vil kraftverket ha tre starthendingar og større vasstandsendingar i Kjetevatn. I begge tilfeller er det lagt inn start av kraftverk med vasstand 0,3m over LRV.
2. I midtre fase aukar tilsiget og vasstanden i Kjetevatnet. Med effektkøyring vil ein køyre med mykje høgare effekt på dagtid enn nattestid, men likevel til ei viss grad tilpasse midlere turbinvassføring til tilsiget over døgnet. Dette vil nok bli ytterlegare forbetra enn i denne framvisinga. Utan effektkøyring vil pådraget bli meir tilpassa tilsiget.
3. I fase tre er tilsiget høgare enn turbinvassføringa og turbinane går for fullt i begge tilfelle.



Med vennleg helsing

Bystøl AS

Lisbeth Langbakk

Prosjektleiar

E-post: lislan@bystol.no

Direkte tlf: 46 90 70 82 Sentralbord tlf: 57 69 85 80



Bystøl AS er ei Miljøfyrtårnverksemd og me oppfordrar deg til å ikkje skriva ut e-posten.

Fra: Eilif Magnus Brodtkorb <emb@nve.no>

Sendt: mandag 20. november 2023 16:05

Til: Lisbeth Langbakk <lislan@bystol.no>

Emne: Flateland

Hei

Jeg ser på planendringen for Flateland kraftverk. Av søknaden fremgår det at justering av minste slukeevne vil gjøre anlegget bedre egnet for effektkjøring.

Dette trenger jeg litt mer informasjon om og ber om å få tilsendt eksempler på forventet drift av anlegget med dagens konsesjonsgitte slukeevne og drit med en mindre slukeevne. (utover antall start/stopp episoder)

mvh

Eilif Brodtkorb

Senioringeniør

Energi- og Konsesjonsavdelingen

Norges Vassdrags- og Energidirektorat

Tlf: 95128911

E-post: emb@nve.no

Web: www.nve.no